

Film & Foto

Gratulerer med valet og skuleplassen ved Voss folkehøgskule for skuleåret 2019-2020!

I dette brevet får du litt praktisk informasjon slik at du på ein best mogleg måte kan førebu deg til året og opplevingane som kjem!

Voss er kjent for eit rikt kulturliv: ekstremспорт, Vossajazz, kunst og ein fantastisk natur. I tillegg ligg Voss berre ein liten togtur unna Bergen – alt i alt perfekte rammer for deg som filmskapar og fotograf. Saman skal me bruke dei moglegheitene Voss har til å lage film og fotografere det du er interessert i. Slik vil du **lære film- og fotofaget** betre å kjenne.



Året på Voss varar i **ni månader**, frå slutten av august til midten av mai. Linjefag utgjer dei fleste timane, vi har i tillegg valfag og fellesfag, linjeveker, prosjekt og reiser. På folkehøgskule får du lære **mykje meir enn fag**. Du skal lære å arbeide og leve saman med andre. Det faglege og det sosiale går hand i hand med **menneskeleg utvikling**. Du lærer deg sjølv å kjenne i møte med andre. Her er det **ikkje karakterar – men din karakter** som tel. Dei fleste som har gått på folkehøgskule seier at det var eit av dei beste åra dei har hatt. Det håper vi du og kan sei om eit år!

Film og foto kan vera så mykje - hobby, utøvande kunstform eller rprofesjonelt yrke. Det er eit bilde på den tida me lever i. Film og foto er med og forme framtida, det er eit verdsspråk.

Eit år på folkehøgskule er **eit unikt år**. Her får du vener for livet og du vil aldri mangle verken skodespelarar, modellar eller eit filmcrew. Å jobbe saman er å dele på kunnskapen. Slik vert og dei gode prosjekta til!

I løpet av året vil du bli introdusert for dei grunnleggande teknikkane innan film og fotografi:

- **Komposisjon**
- **Kamerateknikk**
- **Lyssetting**
- **Manus**
- **Historiefortelling/dramaturgi**
- **Idéutvikling**
- **Photoshop og Premiere**
- **Forarbeid, produksjon og etterarbeid**
- **Mørkeromsarbeid og analog fotografering**

På film og foto jobbar me **mest praktisk i prosjekt**. Det er gjennom arbeid saman med andre ein lærer mest. Kvar år er det mogleg å gjere oppdrag for lokale aktørar eller fordjupe seg i eigen produksjon. Slik får du mogelegheit til å prøve ut ulike roller og finne ut om faget er noko du vil satse vidare på. Me jobbar og opp mot **to filmfestivalar**, Minimalen og Amandus. Vi håpar at me får med ein eigenprodusert film der, slik som i år.

I løpet av året skal me sjølvsgt også besøke filmfestivalar. Me startar året med å besøke BIFF – Bergen internasjonale Filmfestival for å sjå spennande før premierar. På slutten av året reiser me til Lillehammer og er med på Amandusfestivalen, mogleg med eigen film! Det blir uansett mange filmvisningar i eigen kinosal, den ligg vegg i vegg med klasserommet og redigeringsrommet.

Det er generelt bra med utstyr på linja som du kan låne til ei kvar tid. Det **du må ta med** er eit **eige digitalt speilreflekskamera**.

I november når vinteren nærmar seg, reiser vi til **solfylte California**. Der besøker me byane San Francisco og LA. Dette er **ein fantastisk tur, fylt med fagleg input, naturopplevingar og fellesskap**. Me besøker filmstudio, foto- og filmskolar, Alcatraz, museum og mykje meir.



Best av alt er likevel berre å reise saman med nye vener, ete og bu i lag, og saman oppleve nye ukjente plassar. Det er berre å begynne å glede seg!

Førebuing med visum til USA tek vi når du kjem hit. Det er **lurt å ordne pass heime** før du kommer. Passet ditt må være gyldig til 1 juli 2020. Det lurt at du sjekkar dette.

Om det er noko du lurar på er det berre å ta kontakt. **Ha ein fin sommar!** Eg gler meg til å treffe deg på Voss!

Med vennleg helsing
Camilla L. Haukedal
Lærer på film og foto.
camilla.haukedal@voss.fhs.no

